



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 3

MARS 1975

24. årgang

Aksjon for vår ungdom!

Ved sida av har vi bilde av Svorkmø-jenta Marie Tronvoll i djup konsentra-sjon ved vedsaga. La ho stå som ein representant for alle sunne og greie ungdomane i dalen vår. Vi kan for-sikre om at ho ikkje er aleine om å få ein slik karakteristikk.

Vi snakka med ei ung mor. «Eg tør ikkje sette fleire barn i verda slik tida no er», sa ho. «Tenk kva som vil møte dei!» I samtalen vidare blei det klart at det var barne- og ungdomsmiljøa ho var redd. Den vesterlandske kulturs djupe forfallssymptomer. Verdssitua-sjonen på det globale plan blei ikkje nemt.

Vi har møtt mange som er redd som henne. Eigentleg er vi det sjølve også. Men det er ikkje kristent - og dermed heller ikkje rett - gi opp. Vi er einige i sak, men ikkje i konklusjon. Vi har ikkje lov til å gi opp trua på livet.

Kva så, unge mann? Korleis skal problemet løstast? Vi trur framleis ordtaket gjeld: «Som man reder, så ligger man». Det er vi sjølve som har skapt forholda slik dei er i dag. Det er vi sjølve som har skapt krise, slik at mange er livredde for dei unge si fram-tid.

Så står det til oss også å rette på det. Gud er sjølv sagt med på notene. For ingen kan vere i tvil om at Bibelen vil trygge ungdomsmiljøer.

Det kan vere mangt å vere redd for i vårt lokale nærmiljø. Alkoholmis-bruken, mobbing i skoletid og fritid, frynsete seksualmoral, mangel på ide-aler. Vi synest mellom anna det må vere ei stor oppgave å skape eit alterna-tiv til laurdagsfestane. Vi trur dei er ei av dei store årsakene til ungdoms-problema.



JESUS LEVER IDAG

og lever helt
og holdent
for deg!

Fortell Ham derfor
alt som tynger
og bekymrer deg,
også din skyld.

HAN KAN HJELPE!

«Vi må lære menneskene å tro på Gud igjen»

— Ja eller nei til dødshjelp? Dette spørsmålet ble stillet til den sveitsiske befolkning i 1973. Nei, svarte befolkningen. Spørsmålet ble gjentatt i år. Ja, svarte et overveldende flertall.

Er det grunn til å vente den samme utvikling hos oss? Og hva kan vi eventuelt gjøre for å stoppe en slik utvikling?

- Til det første spørsmålet vil jeg si at mye kan tyde på at vi kan få den samme utvikling her. Til det andre vil jeg ganske enkelt svare: Vi må lære mennesket å tro på Gud igjen, sier Lønning.

— En slik utvikling i synet på dødshjelp som det man nå opplever i Sveits kan sammenliknes med den opinions-svingning vi har hatt i synet på abort her hjemme. Dette er etter min mening et utslag av hele den vesterlandske sekularisering. Mennesket tror ikke lenger på Gud som livets herre, men tar selv både liv og død i egen hånd for å skalte og valte med det, sier biskop Lønning.

— Hva kan kirken gjøre i denne situasjonen?

— Kirken kan føre en kamp mot denne utviklingen ved å forkynne Gud som livets herre. Det er det eneste som kan demme opp.

— Det er altså ingen umulig oppgave man står overfor?

— Nei, jeg tror ikke det. Men situasjonen er vanskeligere for kirken i dag. Hele vår kultur har vært preget av en kristen arv, vi har hatt en slags oppspart åndelig «kapital». Denne oppsparte «kapital» smuldrer imidlertid bort, generasjon for generasjon. Årsaken til dette er at mange mennesker lever på «kapitalen» uten å fornye den — de mangler levende Gudstro. Kirk-en kan med andre ord ikke fortsatt regne med å trekke vekslers på velviljen hos det store gross av likegyldige, sier biskop Per Lønning. (VÅRT LAND)

SLEKTERS GANG



Døpte

- Orkdal.**
2. 2. Hans Buan
Knut Johan Eikli
16. 2. Marthe Hønnåshagen
- Orkanger.**
23. 2. Tina Grefstad
- Orkland.**
23. 2. Torger Nergård
Geir Sivertsvik
Jenny Kalseth

Vigde



- Orkdal.**
15. 2. Roald Arne Metli
og Eli Nystykket
- Orkanger.**
22. 2. Dagfinn Hansen
og Unni Bjørklund

Speiderleir i Husdalen

Trøndelag krets av Norsk Speiderpikeforbund skal ha leir i Husdalen. Leiren blir avviklet i slutten av juni måned. Orkdal Tropp er vertstropp. En regner med 500 speidere. Innbyggertallet i Geitastrand blir altså fordoblet siste uka av juni.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.



Gullnøkkelen

Det var en som sa at bønnen er som en gullnøkkel. Han mente at å be er som å låse opp døra inn til Gud. Nøkkelen er av gull, fordi det er så viktig for oss å komme inn til Gud og snakke med han.

Vi må ta oss tid til å be, for vi syns ofte vi har dårlig tid til det. Vi har det travelt. Mor har det travelt. Far har det travelt. Alle har det travelt.

Barna har det også travelt. Det satt en guttepike på golvet med en «Syvendesans» han hadde fått av faren sin. Han rablet i vei, side etter side. «Det er da svært som du skriver», sa faren. «Ja, du forstår», svarte gutten. «Jeg skal prøve om jeg kan bli like opptatt som du er!»

Men vi må ikke ha det så travelt at vi glemmer å bruke gullnøkkelen!

Jesus er det beste eksempel for oss. Han var flittig til å be. Han bad sammen med disiplene, og han bad alene. Det står at han sto tidlig opp om morgenen før det lysnet av dag, og gikk til et ensomt sted for å be. Han kunne gå opp i fjellet og be hele natta.

Det er fint at vi kan be sammen hjemme. Men vi trenger også å være alene med Jesus og snakke med ham. La oss være flittig til å bruke gullnøkkelen!

Ord til ettertanke:

«Be, så skal dere få,
let, så skal dere finne,
bank på, så skal det bli
lukket opp for dere!»

Matt. 7. 7.

(Hans Høivik i «Under Regnbuen»)

Har du husket å be for gudstjenesten?

Det er også ditt ansvar! Og det er en utfordring du kanskje ikke har tenkt over før.

Men gjør du det!

Tenk om du fikk se resultater?

For eksempel:

at presten preket bedre — eller at du fikk mer glede av kirkebesøket — eller det kom noen dit du ikke hadde sett der før —

eller at dåpsforeldrene og fadrene ble spesielt velsignet — eller at en åndelig vakt fikk mot og tro til å knele ved alterringen — eller at det som hadde vært et dødt ledd for deg i liturgien plutselig ble levende —.

Alt dette får store konsekvenser.

Så du skulle ikke la være!

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgift av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Menighetens årsfest

Orkanger sokn på Bedehuset, Orkanger søndag 16. mars kl. 18,00. Minner frå Kanariøyane og Norden. Song. Andakt. Arsmelding. Servering. Vel møtt!

Orgelkomiteen for Nyorgelet

takkar for gaver:

Konvoluttinnsamlinga kr. 18.080,—.
Julekonserten kr. 2.150,—. Haustaksjonen kr. 1.705,—. Ofring Lysmesse kr. 1.175,—. Orkdal Spb. kr. 2000,—. Husdyrtrygdlaget kr. 5000,—. På bankboka står det no kr. 65.000,—. Domorganist Ludvig Nielsen skal sjå på orgelplassering og kyrkja denne veka. Ein reknar med at ein har opplegget for nyorgelet alt denne våren. Så spørst det kva kommunen vil skyte til?

Monsét

Speidarane på Svorkmo og Indremisjonens ungdomsforening inviterer til familietur til Monsét søndag 16. mars. Det blir gudsteneste i Grendehuset kl. 13. Det vil bli lagt opp turløype frå Svorkmo.

Frammøte på Svorkmo st. kl. 10,30.

Stor utlodning til Tjønnåsen

Frå 1. - 22. mars blir det stor utlodning for innreiing av Tjønnåsen leirsted. Vi oppfordrar folk til å støtte oss i å få noe fint ut av denne sjeldne sjansen vi har fått. Utlodninga blir avslutta med trekning på Svorkmo Handelssamlag palmelaurdag 22. mars kl. 9,30. Da blir det også konvoluttsal.

Misjonssambandet

har også i år sitt skjærtorsdagsstemne i øverbygda. Ved gudst. i Orkland kl. 11 blir Göran Holmgren med. Kl. 19,00 er det fest på Svorkmo misjonshus ved Holmgren og G. Bang-Larssen.

Nytt liv!

Det er sikkert: Den som trur på påskemorgons oppstandelse har fått eit nytt livsgrunnlag. Skilnaden mellom det å stoppe opp med: **Bli til jord igjen**, og gå vidare slik som vi i dristig vågemot seier ved gravferdene våre: **Av jord skal du igjen stå opp**, er stor. Ei slik tru oppstandelsen gir må skape nytt liv!

«Jeg har vunnet, Jesus vant, døden oppslukt er til seier». Når oppstandelsen blir noe personleg for den enkelte, må den gi veldig livsinspirasjon. Det er blitt «den makt som overvinn verda». Det er opplevinga av dette under som også har skapt dei veldige påskedagssalmane. Påskedag er årets og verdssogas store, spesielle dag. Ingen er større korkje i år eller tid.

Så må det også få praktiske utslag. At kvar ny dag ut frå påskedag skal tene det nyvunne evige liv. Oppstandelseskrafta skal ruste oss til teneste for dei evige kreftene. Det veldige overlys som er gitt skal opplyse dagane til kamp mot ondskaps mørke krefter. Det at «Han er med alle dagar», får si mektige stadfesting og sin veldige impuls på påskedag.

Påskedag gir nytt liv og ny tid. Gud vere lov!



Onsdag 19. mars kl. 20

er det kulturkveld hos Marit og John Kvikne ved res. kap.

organisert som egen kirke i 1958, som et resultat av flere misjoners arbeid, var kirkens medlemstall ca. 20.000. I løpet av 15 år har de kristnes antall økt til over 200.000. Dette blir en gjennomsnittøkning på 15%. Siste året var medlemsøkningen på 27%.

Dørene er fortsatt åpne for evangeliet og kirken ber om flere misjonærer.

Imponerende kirkevekst i Etiopia.

Den lutherske Mekane Jesus kirken i Etiopia er i sterk vekst. Da den ble

«Gardtales i Orkland»

Denne bygdaboka er no snart ferdig, og kan tingas hos:

Knut Liøkelsøy, Svorkmo telefon 2053

Karen J. Bakken, « « 2087

Boka blir elles å få kjøpt hos:

Nik. Konstad Bokhandel, Orkanger


Fannrem « **Fannrem**

Resell « **Løkken Verk.**

Bokprisen er kr. 60.—.

ØVRE ORKDAL HISTORIELAG.

Modum Bads Nervesanatorium



Etter eit opphald på Modum Bads Nervesanatorium, har eg lyst til å fortelja litt derifrå. Kanskje ligg staden i eit noko dunkelt ljøs for andre — slik han gjorde for meg før eg kom dit.

Etter 8-9 veker på staden kan eg trygt seia at eg ikkje trudde det fans noko slikt tilbod i Noreg. Eg seier ofte, og det er sant — at det er eitt av dei tre store under i livet mitt at eg kom dit. Her fann eg ei ånd og ein atmosfære — så mykje fint og så mykje godt — som eg ikkje trudde fans i vår «harde verden». Her fekk eg att trua på det gode i menneska. Og no kan eg sanna Jan Magnus Bruheim sine ord:

«Være mitt hjarta av stein.
— Nei, heller bogne og breste
og vera ei levande grein».

Overlege Gordon Johnsen, som er øvste leiar for sanatoriet, er ein fin, kristen personlegdom — mild og varm. Han praktiserer kristendom — slik ein sann kristen bør gjera. Toleranse og vidsyn høyrer og kristendomen til. Det var overlege Gordon Johnson som kjøpte og starta Modum Bads Nervesanatorium i 1950-åra. Før den tid var eigedomen i bruk som badesanatorium og rekreasjonsheim.

Sanatoriet er delt i fire avdelingar, tre for pasientar, 4. avd. for familiebehandling. Foreldre med born kjem og bur i pene hus. Ungane går på skole medan dei er der — eller dei får plass i barnehagen. Foreldra får hjelp og råd hjå fagfolk. Denne familierapi-

on er det første tilbodet i sitt slag i Europa.

Dagen på Modum startar med frukost kl. 8. Spisesalen ventar med veldekkja bord og god mat. Kl. 9 opnar arbeidsstuene, som det er mange av. Vevstua har rom for uttallege aktivitetar — veving, vanleg vev, bandvev, grindvev, saum, knyting, hekling, gembling, makabre, lærarbeid o.s.b. Så er det snekkarverkstad, arbeidsstue for keramikk og porselensmåling og ei for koparstikk — alle under leiging av flinke arbeidsterapeutar. Kl. 11,15 er det formiddagskaffe. Før middag — kl. 1 — er det ofte gruppesamkomer. Alle pasientar som vil, er med på gruppearbeid. Ein psykiater ei sjukesøster og 6-7 pasientar utgjorde vår gruppe. Desse samtalegruppene er fine. Her samtalar ein om problem, korleis ein skal freiste hjelpe kvarandre. Ein kan prate eller lytte — alt ettersom ein er opplagt. Ein kan læra mykje av slike grupper dersom ein brukar positiv vilje.

Og ein opplever fort at dei problem ein sjøl strir med, er det og andre som har, og gjennom samtale kan ein freiste finna nye vegar ut av vanskaner.

Etter middag er det høve til ein liten lur — før arbeidsstuene ventar deg mellom 2 og 4. Kl. 4 er det ettermiddagskaffe og etter den tid er pasientane fri for dagen, fri til å gjera det ein har lyst til og vil. Om kveldane er det også tilbod av alle slag, men no står ein heilt fritt.

Måndagskveld er det folkedans, tirsdag er filmdag, onsdag er det lyrikkveld, torsdag andakt i kapellet som ligg i same huset, annakvar fredagskveld er det psykiatrisk film — om depresjon t.d. under leiging av overlege Gordon Johnsen som kommenterer og svarer på spørsmål etterpå.

Laurdagskveld er det samling på peisestua med underhaldning av pasientar, allsong og kaffe/kakao.

Sundag er det sume gonger andakt i kapellet — andre gonger gratis kyrkjebuss til andre kyrkjer. Alt frivillig, sjølsagt.

Ein får ikkje tid til å tenke for mykje på seg sjø!

Sanatoriet har to, tre tilsette prestar — som attåt at dei gjer presteneste ved huset, står til teneste for dei av pasientane som gjerne vil samtale med ein prest, og dei tek i mot prestar frå heile landet til sjelesorgkurs. På kurs no etter jul møtte eg m.a. to prestar i teneste her i Trøndelag.

Så har sanatoriet fleire psykologar og ein fin stab av sjukesøstre og andre medarbeidarar. Søsterelevane kjem frå Diakonisseheimen i Oslo.

Alt personale på Modum Bad — frå

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR
ORGLER - GITARER o.s.v.

Orkanger parfumeri A.s

ALT I
TOILETTARTIKLER

7300 ORKANGER
Tlf. 80 244.

overlegen og nedover — går sivilkledd. Ein har ikkje kjensle av å vera på sjukehus.

Sanatoriet har bra bibliotek, friser-salong, vaskerom og elles alt ein treng til dagleg stell. Alt er nøye gjennomtenkt.

Det var med undring og spaning eg reiste sørover til Modum ein mørk haustdag. Eg visste at Modum kommune ligg 8-9 mil vest for Oslo, og så hadde eg høyrd mykje godt om overlege Gordon Johnsen — stort meir visste eg ikkje. At Modum Bads Nervesanatorium ligg fritt og vakkert til, 2-3 km. opp frå Tyrifjorden, kransa av høge furutre, gjorde førsteintrykket til ei oppleving. Den som har vakse opp med fri natur som næraste nabo, kjemmer alltid ei dragning mot bygda.

No er eg attende — stolt og glad etter eit storarta opphald. Sjø! har eg fått den hjelp eg kunne få, og eg vonar eg kan bringe vidare erfaring og råd til andre.

Og eg vil, dersom det er råd, be om at menighetsrådet i Orkdal, ser det som ei oppgave å sette av ein sundag til ofring til Modum Bads Nervesanatorium. Staten yter pengar berre til vedlikehald. Alle nybygg er baserte på pengegåver. No er eit sjelesorgbygg under arbeid. Seinare står Olavskyrkja for tur.

Denne gongen var det eg som trong hjelp, neste gong er det kanskje din tur. Og eit finare tilbod kan ein ikkje få.

Eg sa til overlege Gordon Johnsen medan eg var der at eg kjenner meg viss på at denne staden er vigsla av Gud. At Gud også har valgt overlege Gordon Johnsen i si teneste på Modum, er eg også viss på. Og eg veit at Gud var med meg både før og under opphaldet.

For alt dette skyldar eg å lova og takka han, tena og lyda han.

Ashjøg Svare.

Storslått gåve!

Orkdal Husdyrtrygdelaag har vore storslått og raust.

På årsmøtet sitt nyleg gav dei heile overskotet for 1974 til kyrkjene. Det blei kr. 5000,— til nytt orgel i Orkdal kyrkje, og kr. 4000,— til Moe kyrkje for soknerådets disposisjon. Vi ser på det som ei takkegåve for godt år og god økonomi. Husdyrtrygdelaaget har all vår takk og ære!

Endeleg

Vi kjem litt seint, men vi trur vi kjem godt.

Øvre Orkdal Historielag som tok på seg arbeidet med å nye oppatt «Gardtales i Orkland», av K. M. Elda, kan om stutt tid levere denne interessante bygdeboka til alle som har forhandstinga ho.

Da Historielaget sine folk for gardtales her i sumar, gav dei nok som ein halvveges lovnad om at boka skulle bli ferdig til jul.

Diverre, ymse uforutsette ting kom ivegen, og boka vart såleis ikkje ferdig før no.

Historielaget kan likevel gle seg

over at denne bygdeboka har møtt ei interesse som vi på ingen måte har rekna med, frå først av.

Tingingar strøymer inn, ikkje berre her i bygda, men også utanbygds folk vil ha boka, og det er slett ikkje berre dei som utflytta er.

Vi vil derfor rå alle dei som vil få tak i «Gardtales», og som ikkje har forhandstinga, om å ordne seg med tinging med det første.

Halve opplaget er alt borttinga, så dersom du er interessert i boka, så ikkje vent for lenge.

Viser elles til lysing i dette bladet.

Øvre Orkdal Historielag.

Ny samling om heimen

Spørsmålet har reist seg rundt omkring med fornya styrke: Kva med vår tid? Går vi mot eit Ragnarok? Ein fimbulvinter? Verdast undergang?

Vel, den som vil får tenke. Det skal vere med å gjere oss førebudd.

Men reparasjonane på vårt daglege plan. Kva med dei? Det blir skrike om miljø, klubbar, bevilgningar, tilrettelegging. Svenskane skal ha all fritid i skolens regi, og kommunistland tar barnehagar som statsfostringsanstaltar. Vi kjem vel etter smått om senn vi og.

Vi trur elles noe anna. Vi trur det fremste vern ligg i fornya støtte til heimen. I TV tør dei ikkje snart snakke om at barna har både far og mor. Heimen har utspela si rolle. Og så

planlegg vi samfunnet ut frå det. Det er mellom anna for enkelte blitt kvinnesak.

Vi slår til lyd for ny satsing på heimen, og på samarbeid enkeltheimar i mellom i barne- og ungdomsoppdraginga. Det var slik del gjorde i gamle dagar. Slik bør fritidsforholda i høg grad bli løyst i heimelivet, og i at heile familiar går på besøk til kvarandre og legg opp i fellesskap sitt fritidsliv på tvers av generasjonane.

Korleis skal vi løse vår tids problem? La oss ta utgangspunkt i heimen. Det får størst resultat, og det blir billegast. Og det er ei grunnleggende tilrettelagt frå fordum. Det ligg i skapartanken og skaparviljen.



GAVER til bladet

ORKANGER:

Petra og Ingv. Togstad kr. 10. G. Sporildnes 10. John Stokke 20. R. Bjørklund 20. Marta Hansen 10. Wilhelm Thams 25. S. og A. M. Solberg 10. Karen Bakken 10. John M. Gjønes 10. Arntine Haltli 10. Erling Skjeldal 10. Oline og Sig. Rømmesmo 10. Anton Bach 10. Martin J. Rømme 10. Kjellrun og Thor Isdahl 10. Gudrun Sødahl 10. K. Kvarnes 10. E. Larsen 10. Nanfrid Røhme 10. Lars Svinøy 10. Karen og Sigurd Kjønl 10. Beret Lykken 10. Roald Simonsen 10. Karen Pedersen 10. Lilly og Johan Evjen 10.

Velkommen til vår forretning.
Vi står alltid til tjeneste.
Gjør innkjøpene hos oss.

Svorkmo
Handelssamlag

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Anders Forvemo 10. Høie 10. E. og J. Svorkmo 10. Hanna Jamtgård 10. Aslaug Brandli 10. Agnes Trøtøy 10. J. Kristiansen 10. M. og J. Vuttudal 10. Ole Fransvåg 10. Harriet Jæger 10. Edel Lund 20. P. Schei 20. Sevrine og Ole Ustad 20. H. og J. Asphjell 20. Hjørdis og Gjertru Jønsberg 20. Målfrid og Arne Korsli 20. Kristian Rømme 20. Julie Lien 20. Bergliot og Ragn. Lund 20. Liv og R. Krognen 20. S. Sæther 10. Johanne Wilmann 10. Jenny Flatsund 10. Dordi Kvernød 10. Jenny og H. Sivertsen 20. Ane Rian 20. Jorunn og T. Garberg 20. Annette og Ivar Evjensvoll 20. O. Lorensen 20. Arne Grønset 20. Semb 20. Andersen 20. Aslaug Solberg 20. Margit og Arne Høvik 20. Sigrud Knutzen 10. Margrete og Johs. Fosslund 20. Olga Monsen 20. Anna og Erling By 20. Fam. Rømmesmo, Parkv. 7

15. Lauritz Kvikne 15. Arne Sand 20. Nanna og Ole Solem 20. Jens Dahle 20. Berntine og O. Spjøtvold 20. Reidulf Kvikne 20. Astrid Rønning 10. W. Fallmyr 10. A. B. 10. C. Iversen 10. Gunda og Joh. Rømmesmo 25. Dagny og Per Korsli 25. T. og O. Blåsmo 25. A. Gangås 10. Tove og Olav Skjølberg 20. Aase Hoff 20. Ole Langvik 20. Laura og Bjarne Krogstad 20. Aasta og Ivar Haug 20. Agnes og Ivar Søberg 20. H. og L. Hårsaker 20. M. Mathisen 20. Jan Trønsdal 20. Bjørg Solemsløkk 10. Konrad Sæther 10. Gjertrud Vullum 10. Inger Kvam 10. Marit Olsen 10. Ingebr. Nervik 10. Andr. Rikstad 10. G. Krovoll 10. Anna Sæther 10. Randi Fossum 10. Eva og Johs. Halsen 10. Borghild Andersen 10. Målfrid Bakken 10. Ingrid Størseth 10. H. Hagen 10. J. Rømmesmo 10. Anne Skjetne 10. Inga Mathisen 10. Signe Lid 10. L. og I. Reitan 20. K. og J. Nervik 10. G. og O. Nervik 10. Jenny Prestmo 10. Anne og Arne Svendsen 10. Margot Dragset 10. Sigrud og John Nordtømme 10. Dagrund og Hans Garberg 10. A. og T. Berg 20. Karen Svendsen 10. Ingeborg og T. Sognli 10. Olga Leinan 10. Marta og Anton Kristiansen 10. G. O. 10. R. og I. Dahl 10. S. Langset 10. Ingeborg Gumdal 20. Lars Kåre Fausa 20. Astrid Drabløs 20. Olav Bjørnsli 10. Ruth og Olav Olsvik 10. Birgitte og M. Karlisen 10. Mette Elshaug 10. Egil Olsen 10. Elisabeth Meland 10. Sunniva Arnkværn 10. Johan Øien 10. Sigrud Trønsdal 10. Marit Asphaug 10. Otto Sæther 15. Hilma By 15. Gudrun og Ingv. Gangås 25. Magnhild og Erling Hoff 30. Anne og Jan Ebbesen 10. Birger Elvbakken 10. A. Jenssen 10. Bjørg Sande 20. Ester Larsen 10. Anna og Peder Larsen 10. Kari og Agnar Sæthre 10. Alf Dahle 10. Alison Evjen 10. Oline A. Holm 10. Ida Tungen 10. B. og S. Kvernmo 20. Anna og Agnar Nervik 20. Arntine og Kr. By 20. Åse Helvik 10. K. Sommervold 10. Johanne Røhme 20. Arne Koksæter 20. Arntine Andøl 20. Oline og Sv. Solligård 20. Elsa Andersen 20. J. Ø. 20. M. N. Eide 15. Ragnhild og M. Kjønl 20. Harald Klukstad 20. Ruth og Roald Røhme 20. Alf og Borghild Sollien 20. Jenny Mælen 10. Erling Sluphaug 10. J. Eggan 10. A. H. 10. Johanna Haugen 10. E. og T. Solberg 10. Oddlaug Heggdal 10. Kr. Eilertsen 10. Bolette Jenssen 10. Ellen Monsen 10. N. Rønning 25. R. Fossum 10. Hjørdis Dahl 10. Johan Vårum 10. Lars Opøien 10. Marit Fossum 10. In-

geborg Rian 10. Ole Trønsdal 10. Svein Falch 10. Erik Dalen 10. H. J. 25. Gunvor Hoff 20. Anne og Arnt Meland 10. Olav Gjølmesli 10. Aagot og Arne Dragset 10. Olaug og Gunnar Gundersen 10. M. og S. Svorkmo 20. Olga Vuttudal 20. Åse Kvåle 20. B. og S. Næss 20. Martin Lund 20. Marit og Andr. Krognen 10. Morten Monset 10. Aamlund 10. Anne Øyen 10. Leif Snøsen 10. Kolbj. Haugen 10. John Mausset 20. Jorunn Eggen 20. Anna Kjempe 10. Karen Knudset 10. Anna Gaupties 10. Trygve Melbye 20. Johanna Svee, Aldersheimen 10. Kristine Gangås 10. Mary Sneve 10. Marit og Kåre Grytting 10. Oline og Sigurd Rømmesmo 10. Kjell Nordvold 30. E. Sandgrind 10. Åse og Reidar Vormdal 20. Lovise og Ole Skar 10. Anna Selnes 20. Gurine og Ole Vik 20.

Hjertelig takk!

SVORKMO

Indremisjonen har bibelkurs på Svorkmo misjonshus i dagene 20. - 23. mars.

Talere blir sekr. Erling Svenningsen og emissær Ivar Eggan.

Torsdag, fredag og lørdag kl. 20.00. Søndag kl. 19.00.

Svenningen blir også med ved gudstjenesten i Moe kirke palmesøndag. Se ellers annonse i lokalavisa.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

Ansvar — Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor. Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

Noen tanker om fjerne Østen

Som misjonær i Fjerne Østen i 17 år og siden etter mange besøk i disse trakter, skal det mye til å bli kvitt alle inntrykk og opplevelser. Disse vil fortsatt leve i ens bevissthet. Tankene vender ofte tilbake til dager som svant.

Den siste turen til Østen de siste par månedene av året som svant, bekreftet de forutanelser som en hadde for noen år tilbake. Mange land i Østen har hatt et materielt og sosialt oppsving på en minimal kort tid.

Det japanske folk vil gjerne strekke hodet foran og ligge først, og på mange områder gjør de også det. Nå er en redd for at de kanskje har forstrukt seg i den fantastiske utbygging av landet som har foregått de siste årene. Oljekrisen gav dem et skudd for bauen som åpenbarte hvor sårbar de egentlig er. Oljetilførselen til Japan er selveste pulsåren for Japans industri og velstand, og midt i denne situasjonen har den evangeliske misjonen også funnet sin plass. Og den har ingen lett stilling der hvor materialismen har blitt gud. Der vil også mennesket lett bli et nummer i rekken, eller med andre ord, bli betraktet som et biologisk, sosialt pattedyr. Materialismen gjør mennesket uhyggelig billig.

Det er Jesus Kristus som har gitt oss denne sanne verdimåler når Han sier: «Hva gagnar det et menneske om han vinner hele verden men taper sin sjel?» Eller: «Hva vil et menneske gi i vederlag for sin sjel».

Midt i Japans folkemylder mellom

Per Solems telefon —

prestebustaden Orkanger er endra til 80 589. Kontortelefonen er framleis 80 671 (Den Gode Hyrdes kapell).

Kontortid tysdag og torsdag 17 - 19, laurdag 10 - 12.

Øvre Orkdal Historielag

ARSMØTE

i Svorkmo misjonshus
fredag 14. mars kl. 19.30.

Gamle og nye medl. kom til ein triveleg kveld.

Ein kan og bli medlem på møtet.

STYRET.



Førstegrøden i Wadayama saman med Eikli.

105 mill. mennesker finnes det mange i dag som søker etter den grunnen som holder. Alle de brev som kommer inn fra lytterne til våre evangeliske radioprogrammer forteller om denne søken etter en grunnvoll som står når jord og himmel selv forgår. En møter vakte mennesker blant det japanske folk, mange søker frelsen i Kristus og finner den. For en mulighet for evangeliet den dagen dette folk vinnes for Kristus!

Misjonærflokken som er sendt ut fra Japan teller nå mellom ett og 200. Den japanske kirken holder på å bli en misjonerende kirke.

Det land i Østen som fremfor alle andre er på vei til å bli et kristent land, er Syd-Korea, hvor de i de senere år har søkt frelsen i Kristus i hundretusenvis. Under Billy Grahams korstog i 1973 var det samlet 1.100.000 mennesker på den militære flyplassen i Seoul for å høre evangeliet. I fjor under den internasjonale kongress på Campus Crusade var der samlet 1.300.000 mennesker. Når har dette hendt før misjonshistorien? Et mektig åndens vær har besøkt Korea. Dette folket som har vært igjensom så mange trengsler har begynt å rope sin nød til Himmels Gud og Han har svart.

Mye av det som blir sagt om Japan kan også sies om Taiwan.

Taiwan er et av verdens mest fruktbare områder, samtidig som industrien i de senere år er bygget ut til det en kan kalle mønsterdrift. Bare i havnebyen Gouchong på sydspissen av øya er det skapt nye arbeidsplasser til

28 000 mennesker i det første utbyggingstrinn. Kjente utenlandske firmaer har investert mye kapital i utbygging av industrien på Taiwan.

Verdenskjente firma som Filco, Ford, IBM, Mitsubishi, Nasjonal Golf og mange andre kjente gigantbedrifter i verden satser på Taiwan.

Blant Taiwans 15 mill. mennesker fikk også misjonen sin plass. Her er åpnet nye muligheter gjennom evangelisk radioforkynnelse som når inn i alle hjem. Her bygges menigheter både blant taiwanesere, mandarintalende kinesere, hakka og fjellfolket. Veksel- sen som har gått blant Taiwans såkalte hodejegere, stammefolk av 230 000 og av disse er 190 000 kristne, er et interessant kapittel i misjonshistorien.

Tar en så for seg Hong Kong, en by som har vokset fram fra 7 - 800 000 før krigen til vel 4 mill. i dag, er den en av verdens hurtigst voksende byer. Det strømmer inn 60 - 70 kinesere, mest fra fastlandet, hvert eneste år. For to måneder siden begynte de å sende dem tilbake igjen, da byen ikke kan ta flere. Arbeidsløsheten melder seg og gir mange sosiale problemer.

Arbeidet blant kinesere utenfor Kina i Østen har en veldig mulighet i seg. Det regnes med ca. 25 - 30 mill. kinesere spredt over Østens land. Arbeidet blant flyktninger og narkomane i Hong Kong har satt spor etter seg ved den anledning det har til å bringe evangeliet, ikke minst blant studenter på skolesektoren. Bare Misjonssambandet har over 6000 elever på sine skoler i Hong Kong, fra barnehage til

gymnas. For tiden er det 630 elever ved gymnaset hvor evangeliet forkynnes hver eneste dag.

Våre lærere i slumskolen i det såkalte «Wall City» er slike som selv er vunnet gjennom våre skoler og fører det de har fått og lært videre til andre forkomne. Våre kirker i Hong Kong er preget av ungdom. Det er løfterikt for fremtiden.

Likesom vekkelsen i Syd-Korea finner vi en liknende tilstand også i Indonesia med sine 125 mill. innb. Her legges det også titusener til gjennom dyp åndelig vekkelse.

Etter to besøk på disse indonesiske øyer, har en fått sett inn i de veldige muligheter som venter på en snarlig utløsning og svar. Evangeliet er sva- ret!

Tre misjonærpar er uttatt til dette begynnende pionérbesøk, nemlig misjonær Finn Espegren, landsungdomssekretær Hans-Tore Leithe og misjonærkandidat Ola Tulluan. Den sistnevnte har et kjent og kjært trøndernavn. Hans bestefar var jo grunnleggeren av Rødde Folkehøgskole.

Det er en nådens og evangeliets soloppgang over Fjerne Østen!

Gabriel Eikli.



GUDSTJENESTER



16/3 Maria Bodskapsdag
Orkdal kyrkje.
Høgmesse v. res.kap. Eidhamar.
Offer til Tr.lag søndagsskolekrets.
Okanger kirke
Høgmesse ved spr. Rogstad.
Monset kl. 13 gudst.møte
ved res.kap. Eidhamar.

23/3 Palmesøndag
Orkland kyrkje
Høgmesse ved res.kap. Eidhamar.
Offer til «Kirkens Nødhjelp».
Geitastrand kyrkje kl. 11
Høgmesse ved spr. Rogstad. Nattv.
Offer til «Kirkens Nødhjelp».
Buss frå Husdalen.
Orkanger kirke kl. 17.
Gudsteneste ved res.kap. Eidhamar.
Nattverd.
Offer til «Kirkens Nødhjelp».

27/3 Skjærtorsdag.
Orkdal kyrkje kl. 11.
Høgmesse ved spr. Rogstad. Nattv.
Offer til «Kirkens Nødhjelp».
Orkland kyrkje kl. 11. Høgmesse
ved Göran Holmgren og res.kap.
Nattv. Offer til Misjonssambandet.
Orkdal aldersheim kl. 16.
Nattv.gudst. ved spr. Rogstad.
Orkanger aldersheim kl. 16.
Nattv.gudst. ved res.kap. Eidhamar.

28/3 Langfredag.
Orkanger kirke kl. 11.
Gudsteneste ved res.kap. Eidhamar.
Orkdal kyrkje kl. 20.
Kveldsmesse ved spr. Rogstad.

30/3 Påskedag.
Orkdal kyrkje kl. 11.
Høgtidsgudsteneste v/ spr. Rogstad.
Offer til Menighetsfakultetet.
Orkanger kirke kl. 11.
Høgtidsgudst. v/ res.kap. Eidhamar.
Offer til Indremisjonen.
Geitastrand kyrkje kl. 15.
Høgtidsgudst. ved spr. Rogstad.
Offer til Santalmisjonen.
Buss frå Råbygda.

31/3 2. påskedag.
Orkland kyrkje kl. 11.
Høgtidsgudst. v/ res.kap. Eidhamar.
Offer til Indremisjonen.

6/4 1. s. e. Påske.
Orkanger kirke kl. 11.
Høgmesse v/ res.kap. Eidhamar og
kretssekr. Hyldmo.
Offer til Misjonsselskapet.
Orkland kyrkje kl. 11.
Høgmesse v/ misj.pr. Otto Torvik.
Offer til Muhamedanarmisjonen.
Grendstuggu Evjen kl. 11.
Gudst.leg møte v/ spr. Rogstad.
Offer.



Medarbeiderkonferanse I NISHI AKASHI.